

# Notat

---

Går til: Styremedlemmer  
Selskap: Helse Vest RHF  
Dato skriven: 19.01.2009  
Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen  
Sakshandsamar: Per Karlsen  
Saka gjeld: Budsjett 2008 - prosess

**Styresak 005/09 O**

**Styremøte 04.02. 2009**

**Administrerande direktør si orientering pkt 4**

---

Under sak 060/08 B Førebels inntektsfordeling 2008 og førebels resultatkrav 2008 blei det skissert ein tidplan for budsjettprosessen som la opp til at helseføretaka skulle vedta sine budsjett i dei respektive styra innan utgangen av desember og at konsernbudsjettet skulle vedtas primo 2009. Helse Bergen vil først legge fram sitt budsjett for behandling i styret den 30/1-2009. Det vil derfor først vere mulig å legge fram konsernbudsjettet til behandling i Helse Vest sitt styremøte den 4. mars 2009.

Føretaksgruppa har dei siste månedane av 2008 pådratt seg betydeleg resultatavvik. Rapporteringa pr. november viser no eit negativt avvik på nærmare kr 110 mill i forhold til resultatkravet frå HOD. Dette inneber at helseføretaka tar med seg ei omstillingutsfordring inn i 2009 som er større enn vi har truudd tidligare. Administrerande direktør ser det derfor som heilt nødvendig med særskilde tiltak retta inn mot budsjettprosessen for å sikre at helseføretaka leverer eit budsjett som er realistisk og innehalar nødvendige omstillingstiltak. Dette for å sikre oppnåing av balansekravet i 2009. Følgjande tiltak blir sett i verk:

1. Regional budsjettgruppe

Det er oppretta ei regional budsjettgruppe under leiing av Helse Vest. Økonomi- og finansavdelinga i Helse Vest skal i januar/februar gjennomgå budsjetta i samarbeid med Helse Bergen, Helse Stavanger, Helse Fonna og Helse Førde. Målet er å i fellesskap vurdere og kvalitetssikre budsjetta for å sikre at helseføretaka i 2009 faktisk leverer resultat som med størst mulig sikkerheit er i tråd med resultatkravet. Som ein del av arbeidet blir det arrangert ein heildagssamling med budsjettgruppa som har toppleiringa i Helse Vest og i HFa som medlemmar. Instillinga frå budsjettgruppa blir ein del av avgjerdsgrunnlaget for eventuell seinare korrigering av HFa sine budsjett, og for konsernbudsjettet.

Det er utarbeida eit mandat for budsjettgruppa. Innstilling frå budsjettgruppa skal føreligge 15. februar 2009.

2. Balansegruppe

I tillegg skal HFa oppretta ei rådgivande balansegruppe etter modell frå St. Olavs hospital. Balansegruppen skal bidra til at helseføretaka i 2009 styrer drifta av verksemda innanfor dei budsjetttrammene som er sette og på denne måten bidra til at ein oppnår ein sunn og berekraftig styring av ressursane i åra som kjem.

Det er utarbeida ein mal for mandat for budsjettgruppa. Arbeidet i gruppene startar opp i januar/februar 2009.

Konsernbudsjettet med endeleg inntektsfordeling vil bli lagt fram til behandling i styremøte den 4. mars 2009. Dette er i utgangspunktet seint i forhold til styringsbehovet som føretaksgruppa har. Samtidig meiner administrerande direktør at det er heilt nødvendig at det blir gjennomført ein grundig kvalitetssikring av budsjetta for å sikre at det er realisme i desse. Det er heilt avgjerande at helseføretaka no får eit resultat i balanse for 2009.

Vedlegg 1 – Mandat for regional budsjettgruppe  
Vedlegg 2 – Utkast til mandat for balansegrupper i Helse Stavanger, Helse Fonna, Helse Bergen og Helse Førde